



Ingeniør Aarland As
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/388 - 17/20633

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2017

Løyve til endring for oppføring av mur gbnr 185/189 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 327/17

Tiltakshavar: Andre Mjelstad
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Aarland As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring for oppføring av mur som vart godkjent i vedtak datert 15.02.17

[Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid for tiltaket. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå avstand til kommunalt leidningsnett.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.03.17 og supplert 28.06.17 og 05.07.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 09.06.17. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 28.06.17

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Knarvik felt H er definert som bustadføremål .

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå avstand til kommunalt leidningsnett. Eining for teknisk drift har i vedtak datert 28.06.17 gjeve dispensasjon på vilkår for avstand til kommunalt leidningsnett.

Øvrige naudsynte dispensasjonar vart gjeve i opprinneleg vedtak datert 15.02.17

Uttale frå anna styresmakt

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteke 28.06.17.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,75 meter. Avstand til gbnr 185/190 vart handsama i opprinneleg vedtak

Endringssøknad

Heving av mur langs vei i hjørne mot sør, fra 1,0 meter til 1,4 meter. I frisisiktsone ved avkjørselen holdes som tidligere godkjent maks høyde 0,5 meter over vegbane. Deretter vil muren øke gradvis i høyde, og følge terrenget på tomten, frem til ny høyde 1,4 meter.

Bakgrunn for ønske om å endre høyden er bakenforliggende terreng på tomten, samt behov/krav om gjerde langs muren. Hvis muren skal være 1 meter høy vil bakenforliggende terreng skrå opp mot planert område på tomten, og et gjerde vil måtte settes på en ny betongsokkel litt lenger bak for muren. Hvis muren heves til 1,4 meter vil gjerdet kunne settes direkte på muren, uten at det er behov for å lage en ny betongsokkel lenger bak. Prinsippet er skissert sammen med situasjonskart på tegning D-01 og D-02

VURDERING

Dispensasjon

Teknisk drift har vurdert og handsama dispensasjon frå avstand til kommunalt

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve **endringsløyve** for oppføring mur av på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 28.06.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal være opparbeida i samsvar med vedtak om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett datert 28.06.17.
3. Øvrige vilkår i opprinneleg løyve datert 15.02.17 gjeld.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/388

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andre Mjelstad

Litlevika 76

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:
Ingeniør Aarland As

Eidsvågbakken 1 5105

EIDSVÅG I ÅSANE